

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS



Til

-aktuelle utøvarar på krinslaget i alpint

Førde, 06.05.2010

Kopi

-alpingruppa

-alpinkomiteen

-krinslagstrenarane

KRINSLAG I ALPINT 2010/ 2011

Alpinkomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins har gleda av å tilby deg plass på krinslaget i alpint sesongen 2010/ 2011

Tilbodet er todelt der alpinistar f. 1997 t.o.m. junior II får tilbod om eit omfattande samlingsopplegg i regi av alpinkomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins.

I tillegg får junior I og II løparane tilbod om eit organisert opplegg i samband med fleire FIS-renn og nasjonale meisterskap.

Her følgjer litt informasjon om satsinga, vi håper du finn informasjonen både viktig og interessant med omsyn til di vidare satsing som alpinist.

Som utøvar på krinslaget i alpint får du frå skikrinsen:

- 24 samlingsdøgn t.o.m. 09. januar 2011
- dekkja overnattingskostnader og treningsavgift på alle samlingar (inkl. Fjord1 samlingane)
- dekkja FIS-lisens
- dekkja startkontingent på 5 FIS-renn
- dekkja startkontingent i samband med nasjonalemeisterskap
- overtrekksklede til redusert pris
- eit organisert opplegg i samband med FIS-renn og nasjonalemeisterskap
- kvalifiserte trenarar (Kjus Rennskule) i samband med skisamlingane
- ein fysisk trenar på barmarksamlingane

NB! Som utøvar på krinslaget får du ikkje dekkja:

- reise til samlingar
- reise og overnatting i samband med nasjonale renn og meisterskap

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

TRENARANE

Sportsleg ansvarleg, ski: Kjuss Rennskule
Sportsleg ansvarleg, barmark: Atle Sæterbakken
(tidl. aktiv alpinist, tilsett ved Høgskulen i S. og Fj. avd. idrett)

KRINSLAGSKONTINGENT

Junior I og II: kr. 11 000,-
F. 1997 og 1996: kr. 8 500,-

Første del av kontingenten blir fakturert i juni, medan andre del blir fakturert medio oktober.

KRINSLAGSLØPARANE SINE RETTER OG PLIKTER (eit utdrag)

1. Løparar uttekne til krinslaget pliktar å møte godt budde til samlingar og renn.
2. Løparane på krinslaget skal ha som målsetjing å forbetre seg frå førre sesong gjennom seriøs satsing og positiv holdning.
3. Løparane skal få utarbeida treningsprogram av sportsleg ansvarleg barmark (i lag med evt. klubbtrenar).
4. Sportsleg ansvarleg skal så langt som råd retteleie og instruere kvar løpar.
5. Løparane skal skrive treningsdagbok og treningsrapportar.

SAMLINGSPLAN 2010/ 2011

Stad	Dato	Type samling
Juvass	11.-13. juni 2010	Ski
Sogndal	21.-22. august 2010	Barmark
Juvass	05.-09. september 2010	Ski
Eid/ Haugen	25.-26. september 2010	Barmark
Hintertux	11.-16. oktober 2010	Ski
Førde	06.-07. november 2010	Barmark
Hafjell	25.-28. november 2010	Ski
Hafjell	06.-09. januar 2011	Ski

OVERSIKT NASJONALE RENN/ FIS-RENN 2010/ 2011

Type arrangement	Stad	Dato
FIS-renn	Geilo	09.-12. desember 2010
FIS-renn	Oppdal	06.-09. januar 2011
Fartsveka, NM junior I (U, SC, SG)/ FIS-renn	Hafjell	17.-23. januar 2011
FIS-renn	Jølster/ Voss	23.-27. februar 2011
Hovudlandsrennet	Voss	21.-27. mars 2011
NM junior II, SSL/ SL	Ikkje bestemt	02.-03. april 2011
NM junior I SSL/ SL	Hovden (?)	05.-06. april 2011

Oppsette renn er retningsgjevande.

I samband med renna ovanfor organiserar skikrinsen felles overnatting til løparar og støtteapparat. I tillegg stiller skikrinsen med hovudleiar i samband med nemnde arrangement.

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

AKTUELLE LØPARAR TIL KRINSLAGET I ALPINT 2010/ 2011

Løpar	Klubb	Merknad
Kristine Nygård	Førde IL	
Ingrid Nornes	Sogndal IL	
Sunniva Hollekve	Sogndal IL	
Sander Hyllestad	Førde IL	
Samson Aas Wie	Førde IL	
Sander Ness	Sogndal IL	
Brede S. Aaberge	Sogndal IL	
Marius Seim Brekke	Sogndal IL	
Andrè Vikdal Krogh	Sogndal IL	
Ane Hage Lambrecths	Førde IL	
Rasmus Skarstein	Olden IL	
Kjetil M. Nedreberg	Breimsbygda IL	
Lasse Englund Espe	Haugen IL	
Edvin Fonn Sårheim	BBIL	
Mats Engeland	Haugen IL	
Åge Solheim	Haugen IL	
Anders Egset	Olden IL	
Anna Høgi Schøyen	Sogndal IL	
Ingrid Ova Bøyum	Jølster IL	
Marit Ova Bøyum	Jølster IL	
Soldis Årset	Jølster IL	
Kristin Nornes	Sogndal IL	
Vilde Årdal	Jølster IL	
Carina Øvreset	Sogndal IL	
Susanne E. Reppen	Sogndal IL	
Veronica Foss Hillestad	Sogndal IL	
Marthe Lønbø	Førde IL	
Karl Andre Foss	Sogndal IL	
Thomas Sårheim	BBIL	
Ivar Fugle Nordhaug	Førde IL	
Ole Martin Tvedt	Sogndal IL	
Rene Bydal Birkeland	Førde IL	
Martin Mortensbakke	Førde IL	
Jostein O. Bøyum	Jølster IL	
Tore Haraldsen	Haugen IL	

I samband med at vi sender skriv til aktuelle løparar sender vi også ein kopi til klubben din slik at dei er underretta. Dersom du har spørsmål om opplegget kan du kontakte Sogn og Fjordane Skikrins v/ Yngve Thorsen (tlf. nr. 92 60 14 21, e-post yngve.thorsen@skiforbundet.no)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Lilly Schøeyn (s)
Leiar i alpinkomiteen

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg: Reklame på krinlagsdrakt, løparane sine retter og plikter, svarslipp.

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

REKLAME PÅ KRINSLAGSDRAKTA TIL SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Alpinkomiteen har bestemt at eit merke på overtrekksdrakta skal kunne nyttast av kvar enkelt løpar sitt idrettslag/ skigruppe eller av løparen sjølv.

Skikrinsen gir idrettslag/ skigruppe eller løpar rett til å nytte eit merke på 100cm² på overtrekksdrakt. Merket skal plasserast på høgre lår.

1. Idrettslaget/ skigruppa får frist fram til 1. august med å skaffe ein sponsor som ynskjer å nytte seg av dette, dersom idrettslaget/ skigruppa ikkje har greidd å selje merket får løparen nytte seg av denne mogelegheita.
2. Uansett kven som skaffar sponsoren er det IDRETTSLAGET som skal vere avtalepart ovanfor den aktuelle verksemda. Dette har med reglane til idretten å gjere, dersom dette ikkje blir oppfylt vil løparen bli rekna som profesjonell og kan då ikkje delta i ”vanlege” konkurransar. Dersom idrettslaget har problem med dette eller dei av ein eller anna grunn ikkje ynskjer dette, kan løparen kontakte skikrinsen så vil vi fungere som avtalepart for verksemda.
3. Verksemdene skal ikkje vere i direkte konkurranse med skikrinsen sine samarbeidsbedrifter. Dette er pr. i dag: Sparebanken Sogn og Fjordane, Fjord1, Gravdal Gruppa AS og SFE.
4. Dersom de er i tvil – kontakt skikrinsen.
5. Ingen avtalar med verksemdene skal underteiknast UTAN at skikrinsen har motteke ein kopi av avtala og stadfesta at den er ihht. til regelverket.
6. Korleis får de som løparar utbetalt pengane.
 - a. Dersom det er idrettslaget/ skigruppa som skaffar sponsoren vil skikrinsen sjølv sagt oppmode om at pengane knytt til avtalen blir brukt til å dekke utgifter som løparen har. (kontingent, reiseutgifter, overnatting osv).
 - b. Dersom det er løparen som skaffar sponsoren skal pengane gå til idrettslaget/ skigruppa og settast av til dekking av den aktuelle løpar sine utgifter etter mottekne rekningar/kvitteringar. Dette er rekningar på alt som på ein eller anna måte kan knytast til idretten (utstyr, smøring, transport, overnatting, osv). Det er viktig for oss å gjere idrettslaget/ skigruppa merksame på at dersom utøvaren skaffar sponsoren så må IKKJE dette føre til at utgifter som ein tidlegare har dekkja no må dekkast av løparen sjølv.
7. Vi oppmodar alle løparane til å kontakte idrettslaget/ skigruppa og avklare om dei vil nytte seg av tilbodet. Dersom dei ikkje vil det, kan de sjølve gå i gang å kontakte aktuelle verksemdar.

Sogn og Fjordane Skikrins

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

KRINSLAGSLØPARANE SINE RETTAR OG PLIKTER

1. Løparar uttekne til krinslaget pliktar å møte godt førebudd til samlingar og renn.
2. Løparane skal minst ha som mål å forbetra seg frå førre sesong gjennom seriøs satsing samt aktiv og positiv haldning.
3. Løparane skal bu saman med krinslaget på alle samlingar.
4. Løparane skal få utarbeida treningsprogram av fysisk trenar (i lag med evt. klubbtrenar).
Trenar skal så langt som råd rettleie og instruere kvar løpar.
5. Løparane skal skrive treningsdagbok (blir sendt dykk) og treningsrapportar.
6. Løparane skal holde orden på utstyr, klede og mat slik at rom og hytter er ”presentable” under samlingane/ konkurransane.
7. Løparen skal nytte krinslagsdrakta på samlingar og på representasjonsoppdrag. I tillegg skal ein nytte krinslagsdrakta i samband med krinsmeisterskap. Løparane skal nytte den reklame som krinsen gjer avtale om. Laget / løparen kan nytte inntil 100 cm² på krinslagsdrakta til eigen reklame.
8. Krinslagskontingent på kr. 8 500,- / kr 11 000,- skal betalast innan fristen som vil bli gitt på faktura.

**SVARSLIPP SENDAST INNAN
14. MAI 2010**

Eg godtar dei oppsette vilkår, og forpliktar meg til å følge opp denne kontrakta.	
Namn	
Fødsels dato	
Adresse	
Telf.nr	p) m)
E-post	
Signatur	

Svarslipp sendast til Sogn og Fj. Skikrins, p.b.221, 6801 Førde / fax 57761219 eller e-post: yngve.thorsen@skiforbundet.no